

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 09.06.2017  
Vår ref.: 2016/5092-10  
Saksbehandlar: monsera  
Dykkar ref.: 16/928 – 16/9950

## Tilbakemelding etter arkeologisk registrering - områderegulering for Rylandshøgda - Meland kommune

Viser til brev datert 23.05.2016 med varsel om oppstart av områdeplan for Rylandshøgda i Meland kommune, og seinare korrespondanse i saka. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

I brev datert 21.06.2016 varsla Hordaland fylkeskommune ei arkeologisk registrering i planområdet. Kostnadsoverslaget vart godkjend av tiltakshavar 31.01.2017. Den arkeologiske registreringa vart gjennomført 22.05.-02.06. og 07.06.2017. Det vart ikkje påvist automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med høg verneverdi i planområdet. Rapport frå registreringa og faktura for arbeidet vert ettersendt tiltakshavar.

Hordaland fylkeskommune har ingen vidare merknader på noverande stadium i planarbeidet når det gjeld omsynet til kulturminneinteresser.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Monika Cecylia Serafinska  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*